

ÅRSMELDING 2006 OIL. FOTBALLGRUPPA.

Styret 2006 har bestått av: - Ivar Solberg Leiar
 - Øyvind Litland Nestleiar/skrivar
 - Tore Langeland Kasserar
 - Svein Lone Leiar sportsnemd
 - Mons-Kjetil Vevle Leiar økonemd
 - Anne Marit Hartveit Matriellforvaltning

Medlemstalet i gruppa har vore på ca 240 dette året og styret har hatt 9 styremøter. Har hatt 18 aktive lag, og 5 stk av desse er samarbeidslag med Haus/Fotlansvåg.

I tillegg til seriespel har dei aller fleste laga delteke på cupar. Kiwi cup, Bjørnar cup, Lærdalscup, Ål cup, Kvernbit cup, Førde cup og Bif cup i Danmark. Har vore eit godt sportsleg og ikkje minst sosialt nivå. A-laget havna rundt midten på tabellen i 5 divisjon med eit svært ungt mannskap av lokale spelarar.

Fotballgruppa har arrangert: 1 halldans, 1 bryggedans, kick off i hallen, avslutning i hallen, ribbecup, 1 lotteri, tur på brannkamp.

Har vore med på: Maledugnad osterøyhallen, dommarseminar i samband med brannkamp, keeperskule på voss, delteke på dugnad klubbhuset (jan-feb-07)

Økonomi: Som budsjettert ca 20000 i overskot. Har hatt god kontroll på utgiftsida og klart seg med færre store arrangement enn før. Har likevel blitt mykje arbeid på dei tillitsvalde i økonemd ettersom dei berre har vore 2 dette året mot tidligare 6-8.

Sesongen 2006 har nok også blitt prega av begrensa banekapasitet i nærområdet. Dette har krevd stor tålmodighet og fleksibilitet til spesielt trenarar på alle 11 ar laga. Men etterkvart ser det ut som kunstgrasbane-Prosjektet i fugledalen løsnar, og ber håp om betre kamp og treningsavvikling. Når ein forhåpentleg vis får Realisert dette vil vil fotballgruppa få eit enormt løft.

Sjå ellers årsmeldingar for nemdene for meir utfyllande informasjon.

Skrivar: Øyvind Litland 15 februar - 2007